

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 22.10.2007  
Sakhandsamar: Hans K. Stenby  
Saka gjeld: **Forslag til ny DPS-struktur i Helse Bergen HF**

**Arkivsak 0**

2007/556/333

**Styresak 098/07 B****Styremøte 08.11. 2007****Bakgrunn:**

Styret vedtok i mars 2004 Regional opptrappingsplan for psykisk helse, jf sak 29/04. I denne planen gikk det også fram korleis dei 17 distriktspsykiatriske sentra (DPS-a) skulle utviklast i regionen.

Det er seinare laga ein revidert DPS-plan for Helse Stavanger og det ligg no føre eit forslag til ein revidert plan for Helse Bergen HF. Planen med styresak i Helse Bergen HF er vedlagt.

Plan for ny DPS-struktur i Helse Bergen HF blir her lagt fram for styret til godkjenning.

**Kommentarar:**

Dei distriktspsykiatriske sentra (DPS) skal yta allmennpsykiatriske tenester til pasientar i eit avgrensa geografisk opptaksområde i nært samarbeid med kommunane i opptaksområdet.

DPS-a skal yte polikliniske og ambulante tenester og ha korttids og langtids døgntilbod. Dei skal vere aktive behandlings- og rehabiliteringsinstitusjonar og sjølvstendige faglege einingar.

Det blei i Helse Bergen HF sitt opptaksområde tidleg etablert to store offentlege DPS. Det var Bjørgvin DPS og Fjell og Årstad DPS i Bergen.

Dette blei gjort i fylkeskommunen si tid og ein valde då i stor grad å bygga vidare på dei psykiatriske sentra som eksisterte og den bygningsmassen som var tilgjengeleg. Det har medført at ingen av DPS-a har hatt et fullt utbygd tenestetilbod samla under same tak men er spreidd på mange lokalisasjonar.

Helse Bergen har så langt ikkje klart å utvikla DPS-a i tråd med intensjonen i opptrappingsplanen. Det må også sjåast i samanheng med at tenestene ikkje i større grad er samla.

Det blir no foreslått at Helse Bergen sine to DPS i Bergensområdet blir delt i tre DPS (namna er til planføremål):

- DPS Nord (bydelane Åsane og Arna, samt kommunane Osterøy, Fedje, Meland, Austrheim, Lindås, Radøy, Masfjorden og Modalen). Dette kan realiserast innan eksisterande bygningsmasse på Tertnes og Knarvik.
- DPS Midt (bydelane Bergenhus, Ytrebygda og Årstad). DPS Midt vert lokalisert til planlagt nybygg på Krohnsminde).
- DPS Vest (kommunane Fjell, Askøy, Sund, Øygarden og Loddefjord i Laksevåg bydel). DPS Vest vert lokalisert til Straume i Fjell i leide lokale der Fjell kommune er eigar.

Dette vil gi 5 DPS i Bergensområdet. Hospitalen Betanien driv Betanien DPS i Fyllingsdalen og Solli sjukehus skal omdannast til nytt Fana DPS. I tillegg kjem Voss Bjørkeli DPS på Voss.

Styret i Helse Bergen HF behandla saka i møte 31.08.07, jf sak 54/07: Psykiatrisk divisjon. Fullføring av Opptrappingsplanen for psykisk helse. Lokalisering av desentraliserte helsetenester i vaksenpsykiatrien 2007 – 2012. Arealbehov og finansiering. Styret fatta følgjande vedtak:

Styret vedtar ny struktur for Helse Bergen sine distriktspsykiatriske senter i samsvar med framlegga i saksdokumentet.

Saka er sendt over til Helse Vest RHF.

Helse Vest har vore pådrivar for å få ei fornja gjennomgang av DPS-strukturen i Bergensområdet mellom anna fordi problema knytt til overbelegg og korridorpasientar har nær samanheng med korleis DPS-a fungerar.

Ei slik tredeling som styret i Helse Bergen HF har foreslått gir ein god storleik på DPS-a og den løysinga som er foreslått vil og gjere det mogeleg å samla funksjonane på ein betre måte.

Løysinga gir 203 døgnplassar fordelt på 6 DPS og 230 sjukehussenger i opptaksområdet. Sett i høve til normtala i opptrappingsplanen (0,6 pr 1000 i DPS-a og 0,9 pr 1000 i sjukehus) gir dette noko fleire DPS-plassar og noko færre sjukehusplassar.

Helse Bergen har ansvar for å tilføra ressursar til DPS-a som gjer dei i stand til å ivareta dei allmennpsykiatriske oppgåvene.

Det er to problemstillingar som må nærmere avklarast med Helse Vest RHF.

Den eine gjeld opptaksområde for Betanien DPS. Betanien har i dag ansvar for Laksevåg bydel inklusiv Loddefjord. Dette opptaksområde er større enn den kapasiteten som Betanien har i dag. Helse Vest RHF må i samarbeid med Helse Bergen og Hospitalen Betanien ta stilling til om Betanien fortsett skal ha ansvar for Loddefjord eller om dette området skal overførast til Helse Bergen. I det vidare planarbeidet i Helse Bergen blir det tatt høgde for ei eventuell overføring.

Den andre problemstillinga gjeld tilhøve til Solli sjukehus og Fana DPS. Etter någjeldande plan skal Solli sjukehus omdannast til Fana DPS og i samarbeid med Askviknes psykiatriske senter ha ansvar for Fana, Austevoll, Fusa, Samnanger og Os. Det beste vil vere at det nye Fana DPS kan få ein samla løysing på noverande område for Solli sykehus. Det betyr at det må byggast 8 nye døgnplassar her og tilsvarande ressursar overførast frå Askviknes.

Administrasjonen i Helse Vest RHF vil følgje opp desse problemstillingane.

I saka til styret i Helse Bergen er det også gjort ei vurdering av arealbehov og kostnader knytt til nybygg og leige av areal.

Dette må handsamast som eigne saker og det tas i denne saka ikkje stilling til dei spørsmåla.

Dei regionale opptrapplingsplanane blei godkjent av Helse- og omsorgsdepartementet. Det vil såleis vere rett at den reviderte planen som gjeld Helse Bergen HF blir sendt departementet til orientering. Det er avklara med departementet.

### **Forslag til vedtak:**

1. Styret legg til grunn at DPS-a i Helse Bergen HF blir vidareutvikla med utgangspunkt i dei føreslårte tre DPS-einingane.
2. Investerings- og driftskostnadene må håndterast som eigne saker, jf m.a. prosedyre for avgjerd og gjennomføring av investeringsprosjekt.
3. Planen blir sendt Helse- og omsorgsdepartementet til orientering.